



NORSK BARNEBLAD

Nr. 6

8. februar 1920

33. aarg.

Rekneskap med mor.

Ein liten ti år gammal gut hadde set korleis mori ein dag betalte nokre rekningar, og daa kom han paa, at han og i grunnen hadde noko til gode av ho, og han sette seg difor til å skriva ei sovori rekning:

Rekning fråa Lars til mor.

Bore inn ved 6 gonger	60	ore
Bore inn vatn 6 gonger	60	"
Gjenge arend 4 gonger	40	"
Vore snild gut	20	"

Til saman 180 ore

Mor tok rekningi, men sa ikkje noko. Neste morgen fann Lars paa plassen sin ved bordet 180 ore og denne rekningi:

Rekning fråa mor til Lars.

For ein god heim i 10 aar . —	ingenting
For all maten og anna godt . —	ingenting
For vakenæter, naar Lars	
var sjuk	— ingenting
For at mor hev vore snild	— ingenting
Til saman: ingenting	

Lars gjøymde pengane i lumma; men daa han hadde lese rekningi, vart han raud i andletet og fekk taaror i augo.

Han gav mor att pengane, slo armane um halsen hennar og bad ho vent um tilgjeving for di han hadde vore so tankelaus. Og det var lett for vesle Lars å faa tilgjeving av mor, maa vita.

Hev du nokor tid tenkt etter kor mykke kjærleiken hennar mor er verd, og at mor gjev alt utan å krevja noko att?

Du kjem kann henda ikkje i hug, kor mykke mor gjev deg og ofrar paa deg? Kor mykke arbeid, kor mange tankar og kor stor umsut ho hev for deg. Og for alt dette krev ho ingi løn.

Det er ingen kjærleik i verdi som kann male seg med morskjærleiken, for ho mor tenkjer aldrri paa seg sjølv, naar ho berre kann faa gjeira barnet sitt noko godt.

Naar du vert stor og kjem millom framande, skal du nok faa røyna det gamle ordet: Noko for noko, d. e.: Alt du far, lyt du gjeira lika for.

Soleis var det ikkje heime hjaa mor. Gjoym ikkje den store kjærleik, og umsut mor hadde for deg kvar dag, og alle vakenætene ho hev hatt for di skuld: "Kanskje ho hev felt mang ei taara for deg.

Ver snild, kjærleg og god mot mor, du gut og du gjenta!

Heidra ho og gjer ho glad med eitkvart paas «morsdagen» og alltid elles!